

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2.søndag i advent – 4. desember 2016

Preiketekst: Joh 14,1-4

Lesetekst I: Salme 33,18-22

Lesetekst II: Hebr 6,13-19a

Ord til urolege hjarte

Til dagen:

2. adventssøndagen er eitt steg nærare. Predikanten lyt ta inn over seg at folk tenkjer jul. Men den som forrettar gudsteneste og samling, må vera minst like merksam på dagens egentlege karakter ut frå tradisjon og plan i høve kyrkjeåret.

Desse to omsyna kan godt kombinerast: tilhøyrarane lever i meir eller mindre forventning til høgtida. Den som så står `på stolen` kan utnytta dette nærsynet til å proklamera ein større advent: Jesu gjenkomst.

Til teksten:

Den yngste evangeliet står oss nærast på mange måtar. Ikkje minst fordi evangelisten formidlar djupnene i Jesu liv og ord med Andens varme og vidsyn.

Kapittel 14 i denne boka står særleg høgt i kurs hjå mang ein bibellesar.

Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! Kven blir ikkje gripen av dette Jesus-ordet! Kap 14,15 og 16 hjå Johannes handlar mykje om Anden. Dermed blir Jesu kome og nærvær levandegjord for oss. Han som kom, kjem, og skal koma.

I dette ligg vår trøyst og tru: Jesus nær. Han som 'kom fra Guds himmel', før og opp til himmelen, og skal koma att derifrå for å døma. I det siste ligg også den store jula: *kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er.*

Til preika:

Samvær

Ordet har blitt eit begrep som dels signaliserer sagn, dels forventning. Mykje gjekk tapt då individualiseringa fekk overtaket og sosiale medier erstatta direkte kontakt. Julekonsertar trekkjer fulle hus, og understrekar sagn og forventning, vemod og glede. Men ikkje for mykje, ikkje for lenge; me må heimatt! Me må på facebook fort!

Herren har varsla avskil. Men samstundes forkynner han nærvær. Eit nærvær som er meir enn gode minne. *Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg!*

Symptom på nærvær

Trua er symptom på nærvær. Liksom lovnad er teikn på oppfylling. Dette er likevel meir enn psykologi, som om Jesus berre 'sit i veggane' i det tomme huset. Vår repeterande truvedkjenning er beskrivande og bedande på same tid: Jesus sa, difor er han, - Herren lova, difor handlar han. Som barnet i krybba, er Gud verkeleg nær og levande tilstades i 2016 og skal til gagns vera det ved

tilbakekomsten.

Israels 'advent'

Israelsfolket hugsa mang ein adventsperiode. GT-teksten denne dagen (Sal 33,18-22), set ord på tillit til lovnaden og levande tru på oppfyllinga: Vår sjel ventar på Herren; han er vår hjelp og vårt skjold.

Som kjent røyna det på ofte. Israel gav opp, fortapte seg i 'nuet', anten det var gullkalven eller trugande fiendar. Men Abraham, Isak og Jakobs Gud, gav ikkje opp; han fornya lovnaden og kom folket nær, heilt til tida var inne.

Brev-teksten denne adventssøndagen (Hebr 6,13-19a) handlar om mykje av det same: Abraham venta med tolmot og fekk det Gud hadde lova han... (difor) skulle vi ha ei sterk trøyst, vi som har gripe den vona som ligg framfor oss og såleis søkt redning.

Lovnaden

Like sterkt står Herrens lovnad, sitert i Johannesevangeliet. Han går bort for å gjera klart, men er egentleg ikkje borte, han er hjå sine, jfr 14,18: 'Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born. Eg kjem til dykk'.

2. adventssøndagen er eit steg nærare. Nærare den herverande Jesus. Nærare den komande Herre. Nærare den gode æva, himmelen, huset med dei mange romma.

Advent er samver og fellesskap i den heimeverande Jesus, Han som *sit ved Faderens høgre*, han som er *med alle dagar*, han som kjem med sitt rike, når Dagen er inne. Då skal Israel og folkeslaga bli henta heim til Landet, få benka seg framfor Gud og Lammet.

Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg!

Englane 'kom med bod om ei stor glede', og dette bodet lever me godt med enno. Både i form av den gjentatte Kyrie- og Gloria-liturgien og i den daglege samferda med Jesus Messias.

Me held fast på lovnaden, me held ut i tru, me held om kvarandre i felles forventning: misjonens Herre let rykte og rop leva, heilt til Dagen kjem. Det er vår trøyst, det er vårt kall: å leva med - og å leva i. Mismot og livsmot lyt slåss undervegs, men 'evangeliet er Guds kraft til frelse for kvar den som trur', evangeliet som konstatering og som forløysande kraft til samver og samferd. For, lyder ordet frå Jesus Messias: (snart) *kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er.*

Salme N 3: *Å kom, å kom, Immanuel*

Geir Paulsen

Sokneprest i Luster

geir.paulsen@kyrkja.luster.no